

Årsmelding Vestre Slidre Historielag for 2025

Styret Leiar:Ingebjørg Moe, Nestleiar:Ola Jørgen Fauske, Kasserar:Anna Kristine Hodne, Skrivar:Eivind Brenna, Styremedlemmer:Odd Kolbjørnshus, Kari Johme, Gullik Stee, Per Olav Eide.

Turnemd:Finn Helge Lyster og Elisabeth R. Dahl,

Revisor:Gunnar Hamre Valnemd:Ole Rosendal, Øyvind M Berge, Brita Siri Nesja

Styremøter Vi har hatt ni styremøter, der vi har handsama 40 saker

Møtestad stort sett, Kulturkafeen Slidre Eit styremøte på Vasetstølen med Jahn Børe Jahnsen vidare planlegging med Lokalhistorisk Turhandbok for Vestre Slidre

Medlemsmøter 29. januar:Hanne B Oftedal om Mjølkebilien i Grønsend og Jaslangen 26. novenber: foredrag om OK Ødegård ved Ola Fosheim og Gunnar Hauge. 40 frammøtte.

Årsmøtet var 05.03.2025 på Kulturkafeen I tillegg til styret var det 15 tilstades Utanom vanlege årsmøtesaker held Olle Rosendal eit svært interessant foredrag om skiidretten i Røn/ Vestre Slidre Så var det Kim og Martin, våre unge, gode toraderspelarar, som underheld oss med både sprudlande dansespel og vakkert lyarlete. Årsmelding og rekneskap godkjent Det vart gjort vedtak på å gje Slidredomboka som gåve til konfirmantane Årsmøtet fekk servert kaffi og biteti frå Kari og Anna Kristine

Sametuftene Rekneskapet for Prosjektet vi hadde om Samtuftene på Rensenn vart avslutta i september. Vi hadde utgifter på godt 80000 som Sametinget betalte. Det vart og ein bra slant til kassa vår.

Lokalhistorisk turhandbok for Vestre Slidre Jahn Børe Jahnsen kom som lærar til Vestre Slidre ungdomsskule i 1971, og såg då at Vestre Slidre måtte vera ei av dei rikaste kommunane i Norge når det gjaldt fornminne og kulturhistorie. Han starta valfaget «lokalhistorie» og ville laga eit historisk kart, og med hjelp av elevane vart det eit lite hefte. Lageret er tomt,og med dette som utgangspunkt, har vi laga ei turhandbok på 13x20,5 cm. Ca 140 sider m/ kart 1000 eks. Jahn Børe er forfattar og den skal vera klar til 1.mai. Kr.300 i utsal

Årsmøtet Valdres historielag var i år i Øystre Slidre på Rabbalen laurdag 10.mai. Utseingar frå lokallaga. Fint ver og interessant tema og god mat.

Fystrokyrkjemesse var 06. juli Fint ver og ca 30 frammøtte. Kyrkjekaffi ved Røn sokneråd/ Historielaget. Historielaget har planer om å få opp ei ifotavle ved kyrkjestaden. Vi har tekst klar og trudde det var så enkelt å få opp ei tavle, men det måtte søkjast gjennom kulturetaten i kommunen- til kulturminne på fylket. Det vart laga forslag til søknadsskjema i oktober, men saka har stana der. Dette gjeld og Hamrissøtet

Turar: Jubileumstur til Utvandarmuseet Stange 18.juni med 30 deltakarar frå fleire lokallag i Valdres.(200 år års jubileum for utvandring til Amerika) Øystre Slidre sponsa turen med 5000 Tusen takk.

Den lange turen gjekk i år til Strømstad 2. – 4. sept. med 45 deltakarar.

Lokalhistorisk tur for skuleklasse. Historielaget har i år som mange år før, invitert 8. klasse på Vestre Slidre skule til Historietur med buss og Jahn Børe som guide Slidre skule har teke denne kulturturen inn i årsplana si. Men i år vart turen utsett til «våren» Vi betalar bussen og litt til Jahn Børe

Sumarope i Slidredomen 25. juni tom 9. august. Medlemmer av historielaget, pensjonistlaget og Sanitetsforeininga var vakter to dagar i veka. God tilbakemelding.

Tunet i Plassen Historielaget er fortsett med på dugnadsarbeid for Gamlestogo. Mykje godt dugnadsarbeid inne i stogo, men det vart ikkje ferdig i år . Byrjar att til våren

Friluftlivets år 2025 Skilting og oppgradering av utemøblar på Olberg og skilttekst til Hamrissøtet og Fystrokyrkja Utemøblar på plass ,med svært god hjelp av Trygve Rogn Skilta er ikkje klare.

Medlemmer I 2025 var vi 70 medlemmer i Vestre Slidre historielag

Takk for godt samarbeid i året som gjekk. Eg ser fram til oppgåvene i 2026

Viken,23.03 2026 - Ingebjørg Moe, leiar